

Kommunane i Hordaland

Dato: 01.11.2016  
Vår ref.: 2016/18165-1  
Saksbehandlar: karklep2  
Dykkar ref.:

## Midlar til Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland.

Utvikling av attraktive senter i Hordaland er eit av innsatsområda i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN).

Innsatsområder 2016: Bergensregionen, Regionsenter og Lokalsamfunnsutvikling. Handlingsprogram for næringsutvikling <http://www.hordaland.no/HNN2016>

### Kven kan søkje?

Prioritert målgruppe er kommunar. Organisasjonar og institusjonar kan også fremje søknader, men må kunne dokumentere god lokal forankring og prioritering frå den aktuelle kommunen.

### Kva kan støttast?

Utvikling av attraktive regionsentre er ein sentral del av ein politikk for balansert regional næringsutvikling i Hordaland. Fylkeskommunen kan bidra til utvikling av attraktive regionsenter med mellom anna økonomiske virkemiddel til næringsretta tiltak, rettleiing, analysar og kompetanseheving.

Stadanalysar, mogleighetsstudiar og utgreiingar i samband med kommunal planlegging og by- og tettstadutvikling. Styrke brei samhandling og utviklingsprosessar på tvers av miljø og sektorar i tilknytning til slikt arbeid.

Prosjekt som er utviklingsretta og som står opp under handlingsprogrammet i Regional plan for attraktive senter i Hordaland [http://www.hordaland.no/regional\\_plan\\_for\\_attraktive\\_senter](http://www.hordaland.no/regional_plan_for_attraktive_senter) er særleg velkomne.

### Krav til søknaden

Føreset normalt kommunal og eventuelt anna finansiering i minst tilsvarande storleik. Det vert lagt vekt på god framdrift og politisk forankring lokalt. Delar av kommunen sitt bidrag kan vere i form av eigeninnsats.

### Søknad

Søknad handsamast fortløpande innan 15. desember.

Midla kan de søkje på i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) som vanlege HNN midlar.

Kontaktperson er Kari Patricia Kleppe, [kari.patricia.kleppe@hfk.no](mailto:kari.patricia.kleppe@hfk.no), tlf. 90993968

Bård Sandal  
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre  
næringsssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

